




# Standpunktkarakter 2021

Rettleiing ved handsaming av klage i grunnskulen



# Innhold

1.....	3
Innleiing .....	3
Klagefrist .....	3
Informasjons- og rettleiingsplikta til skulen .....	4
Skjema.....	4
2. KLAGE PÅ FAGKARAKTER .....	5
Om sluttvurderinga – fastsetjing av standpunktkarakter .....	5
Ikkje grunnlag for å setje karakter – Krav om varsling .....	6
Klagehandsaming.....	6
Opplysingar til utfylling i det digitale skjemaet .....	7
Fråsegn frå faglærer .....	7
Fråsegn frå rektor om sakshandsaminga. ....	8
Ny vurdering – endeleg karakter .....	8
3. KLAGE PÅ KARAKTER I ORDEN OG I ÅTFERD .....	9
Om vurderinga i orden og i åtferd .....	10
Varsling .....	10
Dokumentering.....	11
Fråsegn frå rektor og kontaktlærer .....	11
Endeleg karakter i orden/åtferd.....	12

# 1.

## Innleiing

Fastsetjing av standpunktkarakter er enkeltvedtak, jf. forskrift til opplæringslova § 3-14.

Enkeltvedtak skal grunnvist, jf. forvaltningslova § 24.

*"Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold"*, jf. forvaltningslova<sup>1</sup>.

Det kan klagast på fastsetjing av standpunktkarakter og på vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter, jf. forskrift til opplæringslova § 5-1.

Alle klager på standpunktkarakter, som vert sett fram for skulen, skal sendast vidare til Statsforvaltaren, som klageinstans, jf. forskrift til opplæringslova § 5-12.

Det følgjer av rettleiaren for behandling av klager på standpunktkarakterar i fag, frå Utdanningsdirektoratet<sup>2</sup>, at rektor ikkje har heimel til å endre vedtak om karakterfastsetjing, eller late vere å sende klagen vidare til klageinstansen. Dette gjeld sjølv om skulen finn klagen rettkomen. Rektor kan endre eventuelle feilføringar.

Forskrifta til opplæringslova set ein siste frist for fastsetjing av standpunktkarakter i fag med eksamen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-15. Den enkelte skule kan eventuelt setje ein tidlegare frist for å kunne ivareta eleven sin klagerett og karakterjustering for inntak i vidaregåande opplæring.

Rektor har ansvaret for at standpunktkarakterar i orden og åtferd blir fastsette etter drøfting i møte der lærarane til eleven er til stades. Standpunktkarakter i orden og i åtferd skal fastsetjast etter at opplæringa er avslutta.

## Klagefrist

Fristen for å klage på vedtak som gjeld standpunktkarakter, er 10 dagar frå det tidspunktet melding om vedtaket er komen fram til den som har klagerett. I særlege tilfelle kan ei klage bli handsama sjølv om fristen ikkje er halden<sup>3</sup>. Fell klagefristen på ein laurdag, søndag eller helgedag, går fristen ut påfølgjande kvardag.

---

<sup>1</sup> Jf. forvaltningslova (fvl) § 11a.

<sup>2</sup> <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Vurdering/behandling-av-klager-pa-standpunktkarakterer-i-fag/>

<sup>3</sup> Jf. forvaltningslova § 31.

Klagar har rett til å be om grunngiving før eventuell klage vert sett fram. Ny 10-dagarsfrist gjeld frå det tidspunktet han/ho har motteke grunngiving.

Dersom skulen avviser klaga fordi den er levert for seint, er dette eit vedtak som kan klagast på. Klagefristen er då 3 veker<sup>4</sup>.

Klage på standpunktkarakter må handsamast så raskt som råd. Dette er særleg viktig for elevar på 10. trinn. Vi oppmodar derfor skulane til å sende inn klagesakene fortløpande og ikkje vente til alle klagesakene kan sendast samla.

Rektor må sikre god framdrift i klagehandsaminga. Lærarane bør vere tilgjengelege i det tidsrommet der det kan vere trong for å grunngi og/eller gi fråsegn om karakterfastsetjinga.

## Informasjons- og rettleiingsplikta til skulen

Skulen skal gjere elevar og foreldre kjende med klageretten og klagefristen.

Rektor må sjå til at informasjonsplikta blir ivareteken slik at ein når alle elevgrupper/foreldre. I klagesaker må skulen dokumentere at eleven/foreldre har fått slik informasjon.

Informasjonen til elev og foreldre må som eit minimum innehalde:

- kva for karakter det kan klagast på
- generell informasjon om klagerett og klagefrist
- opplysning om at klage på standpunktkarakter bør grunngivast
- **opplysning om at klagar har rett til å be om grunngiving før eventuell klage vert sett fram. Vi rår til at grunngiving blir gitt skriftleg**

## Skjema

Vi ber om at oversending av klage skjer elektronisk ved hjelp av systemet på denne lenkja:

[https://fmsffmedocvwr.Statsforvaltaren.no/eDocument.Viewer/Statsforvaltaren/klage\\_pa\\_standpunktkarakter](https://fmsffmedocvwr.Statsforvaltaren.no/eDocument.Viewer/Statsforvaltaren/klage_pa_standpunktkarakter)


System for elektronisk oversending følgjer same oppsett og rutinar som skjemaet "Klage på standpunktkarakter".

---

<sup>4</sup> Jf. forvaltningslova § 29.

Skjema skal nyttast både ved oversending av klage på standpunktkarakter i fag og ved klage i orden og i åtferd. Vi ber om at det blir fylt ut **eitt skjema for kvar karakter** det blir klaga på.

## 2. KLAGE PÅ FAGKARAKTER

Sentrale føresegner ved klage på fagkarakter		
<a href="#">Forskrift til opplæringslova</a>		<a href="#">Forvaltningslova</a>
Kapittel 3: Individuell vurdering i grunnskulen og i vidaregåande opplæring	Kapittel 5: Klage på vurdering	Kapittel VI. Om klage og omgjøring
§ 3-2 Rett til vurdering § 3-3 Grunnlaget for vurdering i fag § 3-8 Varsling § 3-14 Sluttvurdering i fag § 3-15 Standpunktkarakter i fag	§ 5-1 Kva det kan klagast på § 5-2 Kven som kan klage § 5-3 Avgjerd i klagesaka § 5-4 Saksgangen ved klage § 5-5 Klagefrist § 5-6 Formkrav § 5-7 Rett til grunngiving § 5-12 Klage på standpunktkarakter. Klageinstans og klagehandsaming	§ 29 Klagefrist § 31 Oversitting av klagefristen § 34 Klageinstansens kompetanse 
<p><b>For utdypande tolking av kapittel 3 viser vi til rundskriv Udir-2-2020</b>  <a href="https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vurdering/udir-2-2020-individuell-vurdering/">https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vurdering/udir-2-2020-individuell-vurdering/</a></p> <p><b>For meir informasjon om standpunktvurdering og vurdering sjå sidene til Udir:</b>  <a href="http://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/sluttvurdering/standpunktvurdering/">http://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/sluttvurdering/standpunktvurdering/</a>  <a href="https://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/">https://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/</a></p>		

### Om sluttvurderinga – fastsetjing av standpunktkarakter

Sluttvurdering skal gi informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa i fag i læreplanverket. Eleven skal ha fått høve til å vise kompetansen sin på fleire og varierte måtar. Kravet til breidde i vurderingsgrunnlaget rettar seg både mot omfang av kompetansemål og til breidde og variasjon i vurderingsformer. Den kompetansen eleven har vist undervegs i opplæringa, er ein del av grunnlaget for vurderinga når standpunktkarakteren skal fastsetjast.

Sjølv om det har vore avsluttande vurderingar undervegs i opplæringa, skal læraren gjere ei totalvurdering av eleven sin kompetanse ved fastsetjing av standpunktkarakteren. Det betyr ikkje at læraren må vurdere eleven i alle kompetansemåla i læreplanen for faget rett før standpunktkarakteren vert fastsett, men læraren skal nytte sitt eige faglege skjønntil å gjere ei samla vurdering av eleven

sin kompetanse ut frå kompetansemåla.

Læraren kan derfor ikkje leggje saman karakterar frå undervegsvurderinga og gi ein standpunktkarakter som er eit matematisk gjennomsnitt av desse karakterane.

Vi gjer merksam på at karakterstøttande prøver og tidlegare eksamensoppgåver ikkje dekkjer heile faget, men kan vere til hjelp i vurderingsarbeidet.

Eleven skal vere kjend med kva det er lagt vekt på i fastsetjinga av standpunktkarakteren.

I vurderinga i fag skal ikkje føresetnadene til den enkelte, fråvær, eller forhold knytt til ordenen og åtferda til eleven trekkjast inn. I kroppsøving skal innsatsen vere ein del av grunnlaget for vurdering.

## Ikkje grunnlag for å setje karakter – Krav om varsling

Stort fråvær, manglande deltaking i planlagde vurderingssituasjonar eller andre særlege grunnar kan føre til at grunnlaget for halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter manglar.

I dei tilfella der det ikkje er grunnlag for å setje standpunktkarakter, har rektor ansvaret for at det blir fatta enkeltvedtak om at standpunktkarakter ikkje blir gitt.

## Varsling

For at det skal kunne gjerast enkeltvedtak om ikkje å gi karakter, skal eleven og foreldra vere varsla. Når det er tvil om eleven kan få standpunktkarakter i eitt eller fleire fag, skal skriftleg varsel:

- sendast til eleven og foreldra
- vere datert og sendt utan ugrunna opphald slik at eleven får høve til å skaffe grunnlag for halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter

Ved ein eventuell klage må kopi av varselbrevet leggjast ved klaga, og skulen må kunne dokumentere at foreldra har sett varselet.

## Klagehandsaming

Ei klage på standpunktkarakter skal sendast til skulen. Statsforvaltaren er klageinstans. Klageinstansen kan berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde.

Ved oversending av klaga til Statsforvaltaren, skal det følgje med fråsegn frå faglærar og rektor.

I ei klagesak skal faglæraren gje ein uttale om korleis karakteren er fastsett, og rektor skal gje ein uttale om skulen si sakshandsaming.

Meir utfyllande informasjon om kva Statsforvaltaren ser på som klageinstans, finn de i

Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om behandling av klager på standpunktkarakterar i fag (kap. 4 og 5)<sup>5</sup>.

## Opplysingar til utfylling i det digitale skjemaet

- informasjon om alder på eleven. Eleven må ha fylt 15 år for å klage sjølv
- informasjon om karakter frå siste halvårsvurdering og standpunktkarakter
- informasjon om klaga er sett fram innan fristen
- informasjon om når og korleis skolen har informert om klageretten
- tidspunkt for når skolen har sendt kopi av dokumenta i saka til klagar
- anna dokumentasjon frå skole/heim som kan ha innverknad på klagebehandlinga

## Fråsegn frå faglærer

Det er rektor sitt ansvar å kvalitetssikre grunngjevinga/uttalen frå faglærer og sjå til at grunnlaget for karaktersetjinga er i tråd med kapittel 3 i forskrift til opplæringslova. Rektor har ansvaret for at saka er godt nok opplyst til at klageinstansen kan behandle klaga.

Fråsegna skal vere konkret og må innehalde ein omtale av :

- at kompetansen til eleven er vurdert ut fra kompetansemåla i læreplanen i det aktuelle faget
- at faglærer dokumenterer at standpunktkarakteren er basert på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser den kompetanse eleven har i faget, det vil seie - korleis faglærer har gjort ei samla vurdering av kompetansen til eleven i faget ut frå at eleven har vist kompetansen sin på ulike måtar i ulike samanhengar.
- eleven sin kompetanse, det vil seie kva eleven meistrar i faget ut frå kompetansemåla
- **For elevar på 10.trinn, som vurdert etter LK2006:** faglærer skal som eit minimum grunngi eleven sin kompetanse med eksempel innanfor alle hovudområda i faget.
- at karakteren gir uttrykk for eleven sin kompetanse ved avslutninga av opplæringa
- at eleven er gjort kjent med kva som er vektlagt i fastsettinga av standpunktkarakteren
- korleis eleven har fått mulegheit til å forbetre kompetansen sin gjennom opplæringstida i faget
- svar på det som eleven eller foreldra peiker på i klaga

Det skal ikkje vere teke med utanforliggjande omsyn. Eksempel på dette kan vere føresetnadane til den enkelte, fråvær, manglande innleveringar eller deltaking.

Ved vurdering av faget kroppsøving i grunnskulen skal det leggjast vekt på oppnådd kompetanse og innsatsen til eleven.

---

<sup>5</sup> <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Vurdering/behandling-av-klager-pa-standpunktkarakterer-i-fag/>

Det skal brukast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6 og berre heile talkarakterar skal brukast. Faglærar må vise kva kompetanse eleven har vist som gjer at han/ho får den aktuelle karakteren.

Skjematisk kan innhaldet i faglærar si fråsegn illustrerast slik:

Innleiing om vurderingsgrunnlaget		
Kompetansemål i faget	Vurderingskriterium/ Kjenneteikn på måloppnåing	Vurdering av kompetansen til eleven opp mot kompetansemåla i faget
Standpunktkarakter ut frå ei heilskapleg vurdering av den samla kompetansen eleven har i faget		

## Fråsegn frå rektor om sakshandsaminga.

Rektor skal skildre at saksgangen på skolen har vore i samsvar med forskrifta.

Dette omfattar blant anna at skolen har oppfylt eleven sin rett til individuell vurdering etter forskrifta § 3-2, dette omfattar både undervegs- og sluttvurdering.

Rektor skal som eit minimum, kort beskrive skulen sine prosedyrar for fastsetting av standpunktkarakterar, medrekna tidspunktet for når standpunktkarakteren det er klagt på, er fastsett.

Rektor skal i uttalen sin gjere greie for at standpunktkarakteren er fastsett i samsvar med forskrifta § 3-14 og § 3-15.

Ein sentral del av dette er at rektor har gått gjennom uttalen frå faglærar og kvalitetssikra denne opp mot regelverket. Rektor må sikre at klagaren sine merknader vert kommentert dersom det er nødvendig.

Rektor må sikre at eleven har blitt høyrd i dei tilfelle kor det er føresette som vel å klage, jf. barnekonvensjonen art. 12.

Skulen må ha rutinar som sikrar at dokumentasjon frå faglærar om karakterfastsetjinga er tilgjengeleg i den perioden klagehandsaminga pågår.

## Ny vurdering – endeleg karakter

Dersom klaga blir funnen rettkomen av klageinstansen, blir standpunktkarakteren oppheva og klaga sendt tilbake til skulen for ny handsaming.



Rektor og faglærer gjer ei ny vurdering med utgangspunkt i dei punkta klageinstansen har peikt på i vedtaket. Rektor set endeleg karakter. Den nye avgjerda skal grunngivast.

Denne avgjerda kan det ikkje klagast på. Orientering om endeleg karakter og grunngevinga til rektor skal sendast klagaren med kopi til Statsforvaltaren og skuleeigar.

Dersom karakteren blir endra for elevar på 10. trinn, må rektor sende melding om dette til inntakskontoret for vidaregåande opplæring.

### 3. KLAGE PÅ KARAKTER I ORDEN OG I ÅTFERD

<u>Forskrift til opplæringslova</u>		
<b>Kapittel 3:</b> Individuell vurdering i grunnskulen og i vidaregåande opplæring	<b>Kapittel 5:</b> Klage på vurdering	<b>Kapittel 20</b> Foreldresamarbeid i grunnskulen og vidaregåande opplæring
§ 3-2    Rett til vurdering § 3-4    Formålet med vurdering § 3-4    Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd § 3-6    Karakterar i orden og i åtferd § 3-8    Varsling § 3-11    Undervegs-vurdering § 3-13    Halvårs- vurdering i orden og i åtferd for elevar § 3-16    Standpunkt-karakter i orden og i åtferd § 3-36    Forsvarleg system for føring av karakter og fråver	§ 5-1    Kva det kan klagast på § 5-2    Kven som kan klage § 5-3    Avgjerd i klagesaka § 5-4    Saksgangen ved klage § 5-5    Klagefristar § 5-6    Formkrav § 5-7    Rett til grunngeving § 5-13    Klage på karakter i orden og i åtferd. Klageinstans og klage-handsaming	§ 20-1    Formålet med foreldre-samarbeid § 20-3    Foreldresamarbeid i grunnskulen
<u>Forvaltningslova</u> <b>Kapittel VI</b> Om klage og omgjøring § 29    Klagefrist § 31    Oversitting av klagefristen § 34    Klageinstansens kompetanse		

## Om vurderinga i orden og i åtferd

Skuleeigar skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskulen<sup>6</sup>. I ordensreglementet skal det vere regulert kva som er akseptabel orden og åtferd. Skulen må kunne dokumentere at eleven er gjort kjend med ordensreglementet.

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd skal vere knytt til i kva grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet til skulen.

Vurdering i orden er knytt til om eleven er punktleg, er førebudd til opplæringa og følgjer opp arbeid.

Vurdering i åtferd er knytt til om eleven viser omsyn og respekt for andre. Vurdering av orden og åtferd skal er skilt frå vurderinga av kompetansen til eleven i faga.

Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar. Unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.

Skulen må presisere for elevane kva som blir teke med i grunnlaget for ordenskarakteren, og kva som blir lagt vekt på i grunnlaget for åtferdskarakteren. Til dømes kan fråvær føre til nedsett karakter anten i orden eller i åtferd.

Det er rektor sitt ansvar å sjå til at skulen har klare rutinar for å dokumentere elevane sin orden og åtferd.

I vurderinga av orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Når ein skal avgjere om eleven skal få ein anna karakter enn god (G), skal det takast omsyn til kva som vil vere god orden og kva som vil vere god åtferd for eleven. Dette inneber at elevar som etter ei objektiv vurdering basert på ordensreglementet, aldri vil kunne få karakteren god, likevel kan få det, fordi eleven si åtferd og/eller orden vurdert ut frå eleven sine føresetnader er god. Det er ikkje krav om at eleven har ei diagnose, og skulen må gjere ei skjønnsmessig vurdering i kvart tilfelle.

## Varsling

Forskrifta krev at skulen sender skriftleg varsel dersom det er fare for at eleven kan få halvårsvurdering eller standpunktkarakter *nokså god (Ng)* eller *lite god (Lg)* i orden og/eller i åtferd.

Det er viktig å innarbeide rutinar for å sikre god dokumentasjon på at skriftleg varsel er sendt.

Viktige moment:

---

<sup>6</sup> jf. opplæringslova § 2-9

- Grunnlagt varsel om fare for nedsett karakter skal sendast til foreldre/elev
- Varselet skal vere datert og sendt til foreldre/elev utan ugrunna opphald, slik at betre orden eller åtferd kan påverke karakteren

Det er ikkje krav om varsel når ein karakter blir sett ned som følgje av ei enkelthending. I slike tilfelle skal det gjerast enkeltvedtak og opplysast om klageretten.

## Dokumentering

I klagesaker som gjeld orden og/eller åtferd er det særleg viktig at skulen kan dokumentere at saksangang for fastsetjing av karakter er følgd, og at det har vore kontakt med heimen om tilhøva som har ført til nedsett karakter.

Skulen skal sende følgjande dokumentasjon til klageinstansen:

- klaga
- fråsegn frå rektor og kontaktlærer
- kopi av ordensreglement
- konklusjon frå drøftingsmøte mellom lærarane til eleven
- dokumentasjon på at foreldre har fått varsel om at karakteren kan bli sett ned.
- annan relevant korrespondanse med heimen

Skulen må ha rutinar som sikrar at dokumentasjon om karakterfastsetjinga er tilgjengeleg i den perioden klagehandsaminga pågår.

## Fråsegn frå rektor og kontaktlærer

Statsforvaltaren vil tilrå følgjande oppgåvefordeling mellom rektor og kontaktlærer:

Rektor gjer greie for

- sakshandsaming og prosedyrar på skulen
- alder på eleven dersom klaga berre er underteikna av eleven (eleven må ha fylt 15 år for å klage sjølv)
- om klaga er sett fram innan fristen
- når og korleis skulen har informert om klagerett
- tidspunkt for når skulen har sendt kopi av saksdokument til klagar
- tidlegare karakter i orden/åtferd
- tiltak som er sette i verk for å rette på forholda

Kontaktlærer

- gir utfyllande grunngiving for karakteren
  - Det er viktig å svare på og kommentere det som eleven eller foreldra peikar på i klaga
  - Kontaktlærer si vurdering av eleven i høve til ordensreglementet
- Omtale av merknader eleven har fått gjennom året

- Vurdering av eleven sin orden/åtfærd ut frå eleven sin føresetnader
- legg ved kopi av varsel om nedsett karakter
- gjer greie for korleis det er lagt til rette for god tilbakemelding og rettleiing
- legg ved annan dokumentasjon frå skule/heim som kan ha innverknad på klagehandsaminga

## Endeleg karakter i orden/åtfærd

Statsforvaltaren avgjer om klaga skal føre til at karakteren blir endra til gunst eller ugunst for eleven.